

Protokoll frå årsmøtet 2019 i Ulstein KFUK-KFUM

Dato: Torsdag 21.02.2019, kl. 18 – 21.15

Stad: Fredheim

Tilstades: 15 personar

Andakt: Andreas Halle

Sak 1/2019 Konstituering

Møteleiar: Magne Grimstad Jr.

Sekretær: Silje Kiperberg Aksnes

Signere protokoll: Gunn Hofseth og Per Ove Osnes

Sak 2/2019 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling vart annonsert i avisa, og på heimesida og facebookside til Ulstein KM. Magne Grimstad gjekk gjennom saklista for årsmøte

Vedtak: Årsmøte godkjenner innkalling og sakliste slik den ligg føre

Sak 3/2019 Årsmelding 2018

Silje Kiperberg Aksnes las opp årsmeldinga for 2018. Den viser stor og brei aktivitet i Ulstein KM for folk i alle aldrar.

Vedtak: Årsmeldinga frå styret vart godkjent av årsmøtet

Sak 4/2019 Reknskap for 2018 og budsjett for 2019

Arnfinn Hanstad gjekk gjennom reknskap for 2018 og budsjett for 2019. Ulstein KM har stabil økonomi, vi fekk inn kr 102000,- på basaren, og har i tillegg fått kr 175000,- i jubileumsgåve frå Sparebanken Møre som skal brukast til oppjustering av Fredheim.

Vedtak: Årsmøte tok rekneskapet frå 2018 til etterretning og godkjende budsjettet for 2019.

Sak 5/2019 Val

Styret:

Leiar: Magne Grimstad jr (2019-
Styremedlemmar: Edith Voksøy Steinsvik (2018-2020)
Silje Kiperberg Aksnes (2018-2020)
Andreas Halle (2018-2020)
Solveig Johnsen Dahl (2019-2021)
Andreas Lunde (2019-2021)
Hiljerd Holt Myrene (2019-2021)
Varamedlemmar: Bjørg Allis Hånes (2019-2020)
Toril Vågen Vattøy (2019-2020)

Husnemnd:

Lidbjørn Vattøy
Jostein Kiperberg
Sigbjørn Halle
Gunnvor Grimstad
NN

Valnemnd:

Knut Johan Rønningen
NN
NN

Revisor:

Harald Nordal

Kasserar:

Arnfinn Hanstad

Vedtak: Årsmøtet valde kandidatane ved akklamasjon inn i verva. Vidare vedtok årsmøtet at styret får i oppgåve å finne representantar til dei verva som enno ikkje er besett.

Sak 6/2019 Orienteringssaker med matykt

Det vart servert biff stroganoff medan Magne Grimstad jr gjekk gjennom orienteringssakene:

Bruk av jubileumsgåve: Ulstein KM har mottatt kr 175000 ,- i jubileumsgåve frå Sparebanken Møre, noko vi er svært takksame for. Dette skal brukast til oppgradering av Fredheim. Det er sett ned ein komitè som har ansvar for prioritering av midlane: Andreas Halle, Per Ove Osnes og Lidbjørn Vattøy. Dei har hatt møte og Andreas Halle og Per Ove Osnes presenterte foreløpige planar som består av ny prosjektor i hovedsal, varmepumpe i hovedsal, ferdigstilling av lydanlegg og div. oppussing i kjellar, hovedetasje og noko på loftet.

Semesterplan 2019: Magne Grimstad jr. gjekk gjennom foreløpig semesterplan

Kva skjer med Fredheim når ny kyrkje skal byggast: Magne Grimstad jr. informerte om at det ikkje finns noko skriftleg vedtak om at Fredheim skal seljast når ny kyrkje er bygd, men det er ein sterk intensjonsavtale om at Ulstein KM flyttar sine aktivitetar til den nye kyrkja når den er bygd. Det vart i haust gjennomført ei taksering av Fredheim i samband med plan for finansiering av ny kyrkje, taksten vart på 1,2 mill. Dette var lågare enn styret trudde, men etter å ha dobbeltsjekka med fleire viser det seg at dette er ein realistisk takst. Det er sett saman eit samarbeidsutval mellom Ulstein sokn og Ulstein KM som skal sjå på korleis dette samarbeidet skal fungere i praksis, Ulstein KM sine representantar er Magne Grimstad jr., Andreas Halle og Odd Arne Vikebakk.

Ulsteinvik 01.03.2019

Signering:

Magne Grimstad jr

Gunn Hofseth

Per Ove Osnes